

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høyring - endringar i rovviltforskrifta - forvaltningsområdet for ynglande ulv

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Kommunestyret	067/13	24.09.2013	GGR
Saksansv.: Geir Johan Groven	Arkiv: K47	Arkivsaknr.: 13/1935	
		Journalpost: 13/12502	

Vedlegg:

1. Høyringsdokument frå Miljøverndepartementet datert 14.06.2013

Bakgrunn for saka:

Miljøverndepartementet (MD) har sendt på høyring forslag til endringar i forskrift av 18.3.2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta). Link lovdata til gjeldande rovviltforskrift: <http://www.lovdata.no/for/sf/md/xd-20050318-0242.html>

Forvaltningsområdet for ynglande ulv vart bestemt av Stortinget gjennom behandlinga av st.meld. nr. 154 (2003-2004), og er fastsett gjennom rovviltforskrifta. Av rovviltforliket 2011 pkt. 4.4 går det fram at det skal settast ned eit utval for å evaluere ulvesona. MD nedsette utvalet i mars 2012, og utvalet leverte endelig rapport med sine tilrådingar i oktober 2012.

Endringsforslaga gjeld § 2 d i rovviltforskrifta, som omfattar forvaltningsområdet for ynglande ulv. Utvalet har *ikkje* kome fram til eit sams syn når det gjeld framtidig avgrensing av forvaltningsområdet for ynglande ulv. Synspunkta og konklusjonane til dei ulike utvalsmedlemma spenner frå oppheving av forvaltningsområdet til innsnevring av gjeldande avgrensingar.

Høyringsfristen er sett til 1.10.2013. Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker (LUM) hadde saka til ein kort gjennomgang og diskusjon på utvalsmøte 4.9.2013. LUM såg det som viktig at saka vart behandla i kommunestyret på møte 24.9.2013.

Rådmannsleiinga si vurdering:

MD ber om høyringspartanes syn på følgjande:

I.

Fleirtalet i utvalet (8 av 9) vil vidareføre ein modell med ei nærare avgrensa sone for å forvalte ei norsk ulvestamme. Mindretalet i utvalet (1 av 9) vil ha modellen *ingen nasjonal fastsett sone*.

Rådmannsleiinga er av den oppfatning det skal vere ei nærare avgrensa sone. Utanfor den avgrensa sona skal det vere prioriterte beiteområde for husdyr, ikkje bare på papiret, men også ved praktisk forvaltning. I prioriterte beiteområde for husdyr må dagens praksis endrast, slik at ulv i beitesesongen skal kunne takast ut utan at det skal vere nødvendig å søke om dette på førehand.

Tilsvarande må gjelde også utanom beitesesongen. Dersom ulv er i prioriterte beiteområde for husdyr, skal slike dyr etter søknad kunne takast ut som eit

skadeførebyggjande tiltak i forkant av beitesesongen. Dette gjeld spesielt unge hannulvar som vandrar inn frå Sverige om våren før beitedyra er sleppt. Her har MD lang praksis med feilslått forvaltning ved å avslå søknadar om uttak i forkant av beitesesongen. Det må kunne vere mogleg å ta forvaltningsmessige grep som også kjem beitenæringa til gode i nokon grad, og ikkje bare fokusere på å legge alt best mogleg til rette for stor rovdyrbestand.

Grenserevira må inngå som ein del av dagens norske bestandsmål. Dette må vere eit klart mål for styresmaktene i forhandlingar med Sverige om fordeling av grenserevira.

II.

Fleirtalet i utvalet (6 av 9) føreslår at dagens forvaltningsområde for ynglande ulv ikkje får nokon geografisk utviding. Dette med bakgrunn i særleg omsyn til sørsamisk reindrift og prioriterte beiteområde for husdyr. Mindretalet i utvalet (3 av 9) ønskjer utviding av forvaltningsområdet nordover.

Rådmannsleiinga meiner at forvaltningsområdet for ynglande ulv ikkje skal ha nokon geografisk utviding nordover, snarare tvert i mot. Så lenge forvaltningsregimet ikkje er konsekvente i forhold til uttak av ulv utanfor forvaltningsområdet, vil konfliktane i forhold til husdyr på beite truleg forsterkast ytterlegare dersom området utvidast.

Ordninga med at heilnorske ulvestammar som har inntil 49 % av reviret sitt utanfor forvaltningsområdet skal endrast, slik at dette arealet ikkje reknast som innafor sona som i dag. Dagens ordning medfører at forvaltningsområdet i praktisk forvaltning blir betydeleg utvida, og ein ser at ordninga fører til at det ofte er vanskeleg å få skadefelling på ulv sjølv i prioriterte beiteområde for husdyr.

III.

Utvalet tilrår at nokon område vert teke ut av dagens forvaltningsområde. Dette gjeld områda vest for E6 i Østfold og i Follo i Akershus, Vestmarka vest for E16 i Akershus, samt dei delar av Kongsvinger, Grue og Sør-Odal kommunar som ligg vest for Glomma.

Rådmannsleiinga meiner det er rett at dei føreslegne områda vert teke ut. Utvalet viser til at områda korkje har storleik eller geografisk plassering som gjer desse områda aktuelle for familiegrupper eller revirhevdande ulvepar, og då er det vel heller ingen grunn til at dei skal vere med.

Administrasjonssjefen legg saka fram for kommunestyret med slik

Innstilling:

Kommunestyret viser til rådmannsleiinga si vurdering av forslag til endringar i rovviltforskriftas § 2 d når det gjeld forvaltningsområdet for ynglande ulv, og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

Kommunestyret tilrår følgjande når det gjeld forvaltningsområde for ynglande ulv:

1. Det skal vere ei avgrensa sone for å forvalte ei norsk ulvestamme.
2. Grenserevir skal inngå som ein del av dagens norske bestandsmål.
3. Forvaltningsområdet for ynglande ulv skal ikkje utvidast nordover.

4. Ordninga med at heilnorske ulvestammar som har inntil 49 % av reviret sitt utanfor forvaltningsområdet skal endrast, slik at dette arealet ikkje reknast innafor sona som i dag.

Kommunestyret tilrår utover dette følgjande når det gjeld praktisk forvaltning:

1. I prioriterte beiteområde for husdyr skal ulv i beitesesongen kunne takast ut utan at det skal vere nødvendig å søke om dette på førehand.
2. I prioriterte beiteområde for husdyr skal ulv utanom beitesesongen etter søknad kunne takast ut som eit skadeførebyggjande tiltak, jf streifulv som vandrar inn i landet frå Sverige i perioden april-mai.
3. MD må gi dispensasjon i forhold til § 23 i viltlova for bruk av laus, på drevet halsande hund (t.d plothund) ved skadefelling og lisensfelling av ulv, jerv og bjørn.
4. Miljødirektoratet sin myndigheit til forvaltning av ulv bør overførast til dei ulike Rovviltnemndane.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron

Arne Sandbu

KOM-067/13 24.09.2013 Behandling:

Etter gruppemøte la Finn Hellebergshaugen og Rune Støstad fram følgjande forslag til vedtak:

Kommunestyret viser til rådmannsleinga si vurdering av forslag til endringar i rovviltforskriftas § 2 d når det gjeld forvaltningsområdet for ynglande ulv, og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

Kommunestyret tilrår følgjande når det gjeld forvaltningsområde for ynglande ulv:

1. Det kan inntil vidare vera eit avgrensa forvaltningsområde for ynglande ulv i Noreg.
2. Bestandsmålet på ulv bør reduserast. Grenserevir må i si heilheit inngå som ein del av dagens norske bestandsmål.
3. Forvaltningsområdet for ynglande ulv må ikkje utvidast nordover.
4. Ordninga med at familiegrupper av ulv (ulverevir) som har inntil 49% av reviret sitt utanfor forvaltningsområdet må endrast, slik at dette arealet ikkje reknast innafor sona, som i dag.
5. Utvalets forslag om å flytta grensa for forvaltningsområdet **austover** må sjåast på som berre positivt og som eit steg i rett lei.

I tillegg blir fylgjande tilrådd når det gjeld praktisk forvaltning.

1. I prioriterte beiteområde for husdyr skal ulv i beitesesongen kunne takast ut, utan at det skal vera naudsynt å søkja om dette på førehand.
2. I prioriterte beiteområde for husdyr skal ulv utanom beitesesongen, etter søknad, kunne takast ut som eit skadeførebyggjande tiltak, jfr. streifulv som vandrar inn frå Sverige i perioden april-mai.
3. MD må gje dispensasjon frå § 23 i viltlova for bruk av laus, på drevet halsande hund (t.d. plothund) ved skadefelling og lisensfelling av ulv, jerv og bjørn.
4. Miljødirektoratet si myndigheit til forvaltning av ulv bør overførst til dei ulike rovviltnemndene.
5. På vinterstid er felling på sporsnø tillatt ved skade- og lisensfelling av ulv, jerv og bjørn. Helikopter kan også nyttast når det blir vurdert som mest effektivt.
6. Det må bevilges meir midlar til opptrening av lokale fellingslag slik at fellingsløyver blir enda betre utnytta. I dei mest alvorlege situasjonane må Statens naturoppsyn stille med profesjonelle jegerar.

Forslaget til Finn Hellebergshaugen og Rune Støstad vart samrøystes vedtatt.

KOM-067/13 24.09.2013 Vedtak:

Kommunestyret viser til rådmannsleinga si vurdering av forslag til endringar i rovviltforskriftas § 2 d når det gjeld forvaltningsområdet for ynglande ulv, og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

Kommunestyret tilrår følgjande når det gjeld forvaltningsområde for ynglande ulv:

1. Det kan inntil vidare vera eit avgrensa forvaltningsområde for ynglande ulv i Noreg.
2. Bestandsmålet på ulv bør reduserast. Grenserevir må i si heilheit inngå som ein del av dagens norske bestandsmål.
3. Forvaltningsområdet for ynglande ulv må ikkje utvidast nordover.
4. Ordninga med at familiegrupper av ulv (ulverevir) som har inntil 49% av reviret sitt utanfor forvaltningsområdet må endrast, slik at dette arealet ikkje reknast innafor sona, som i dag.
5. Utvalets forslag om å flytta grensa for forvaltningsområdet **austover** må sjåast på som berre positivt og som eit steg i rett lei.

I tillegg blir fylgjande tilrådd når det gjeld praktisk forvaltning.

1. I prioriterte beiteområde for husdyr skal ulv i beitesesongen kunne takast ut, utan at det skal vera naudsynt å søkja om dette på førehand.
2. I prioriterte beiteområde for husdyr skal ulv utanom beitesesongen, etter søknad, kunne takast ut som eit skadeførebyggjande tiltak, jfr. streifulv som vandrar inn frå Sverige i perioden april-mai.
3. MD må gje dispensasjon frå § 23 i viltlova for bruk av laus, på drevet halsande hund (t.d. plothund) ved skadefelling og lisensfelling av ulv, jerv og bjørn.
4. Miljødirektoratet si myndigheit til forvaltning av ulv bør overførst til dei ulike rovviltnemndene.
5. På vinterstid er felling på sporsnø tillatt ved skade- og lisensfelling av ulv, jerv og bjørn. Helikopter kan også nyttast når det blir vurdert som mest effektivt.
6. Det må bevilges meir midlar til opptrening av lokale fellingslag slik at fellingsløyver blir enda betre utnytta. I dei mest alvorlege situasjonane må Statens naturoppsyn stille med profesjonelle jegerar.